



## Referat

Dato: 28012019

Kl: 12-1235

Stad: Helgehornet

Innkalla:

*Kommunalsjef samfunnsutvikling*

*Leiar for teknisk i Volda kommune – ikkje tilstades*

*Leiar for Utvikling i Volda kommune*

*Leiar for teknisk i Hornindal kommune - **PÅ VIDEO***

*HTV Hornindal – Anita Brenna Muldsvor – **PÅ VIDEO***

*HTV Volda - Knut Øystein Ekroll (NITO) og Oddbjørg Yksnøy Rangseter (Fagforbundet)*

## Agenda

- Formell oppstart av prosjektet
- Gjennomgang av prosjektnotat
- Prosess vidare og plan for informasjonsflyt.
- Evt.



Kommunalsjef innleia møte med ei orientering om midlertidig endring i Volda kommune, teknisk sektor.

Vidare gjekk kommunalsjefen igjennom ein presentasjon der hovudmomenta frå prosjektnotatet vart gjengitt utan å gå i detalj her.

Ressursgruppa konkluderte med følgjande:

- Ein nyttar e-post og Nye Volda sine sider som kommunikasjonsplattform.
- Ressursgruppa diskuterer gjennom sakene i eige møte før det vert publisert ut ope.
- Prosessen vert at forslag til organisering vert drøfta i ressursgruppe først. Deretter vert forslaget presentert for mellomleiarar der dei kan kome med sine innspel. Kommunalsjefen kan då revidere utkast til organisering før ein legg det ut til høyring i sektoren.
- Brannsjef distribuerer ut informasjon til brannmannskap.

Evt:

- Viktig at avtalar (nye og gamle) i samband med kommunesammanslåing vert følgt opp tett. Kva praktiske konsekvensar ser ein ? ( eks. VØR/NOMIL).
  - Kommunalsjef vil ta ein samtale med Paul Ottar snarast.
- Eigedomsskatt vart drøfta. Jørgen tek kontakt direkte med Eva/Anita
- Byggesak, Volda tek nye saker. Ståle følgjer opp dette med tilgong til ACOS
  - Ein må få på plass ei kommunekart løysing med heimelshavere, plan osv. Kommunalsjef ser på dette sammen med Norkart.
- VA, utlysing av stilling vert gjort av Nye Volda, ansvar Lars. Rådmenn er informert.
- VA, prosjekt. Skulle vere drøfta på fredag. Kommunalsjef følgjer opp med Lars
- Ressurs kart og oppmåling, kommunalsjef ser på ei mogleg løysing uten å gå i detalj. Vert å kome attende til.

Neste møte: 12/2 kl 1430-1530.

Jarl Martin Møller, ref.



**PROSJEKTNOTAT**  
**ORGANISERING AV SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING**

Delprosjekt	Organisering av sektor for samfunnsutvikling i nye Volda kommune
Prosjektansvarleg	Ansvarleg: Jarl Martin Møller
Tidsrom	Januar 2019 – mars 2019
Involverte	Leiarar i sektoren Plass- og hovudtillitsvalde Verneteneste
Interne interessentar	Tilsette i avdelingar i begge kommunane
Eksterne interessentar	Organisasjonen Nye Volda

**FORMÅL**

I samband med samanslåing av Hornindal og Volda kommunar, er det etablert ny hovudstruktur for administrativ organisering i den nye kommunen.

Tenesteytinga er delt inn i tre sektorar

- Helse og omsorg
- Oppvekst
- Samfunnsutvikling

Den politiske organiseringa underbygger og støttar denne organiseringa.

Sysseting, kompetanseutvikling og digitalisering er satsingsområde for nye Volda. Organisasjonsstrukturen skal underbygge og vere reiskap for å realisere satsingane.

**MÅL FOR PROSESSEN**

Føremålet er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling og ei ny kommune som er bærekraftige og økonomisk robust.

Arbeidet skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein skal tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine



## **VOLDA KOMMUNE** **Samfunnsutvikling**

tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

### **MÅL FOR NY ORGANISERING AV SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING**

#### **Generelt**

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.

Det er klare forventningar til at den nye sektoren skal følgje opp hovudmåla for Nye Volda kommune.

- Ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør



Delmål er:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng
- Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. regionale og statlege institusjonar, frivillige organisasjonar og næringslivet.

Den nye kommunen og sektoren skal arbeide målretta mot –

- å utvikle potensialet for reiselivsutvikling
- bidra i å vidareutvikle vidaregåande skular mot lokale og regionale nærings- og samfunnsbehov.
- sikre at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus
- utvikle samarbeidet med høgskulen og næringslivet
- stimulere til innovasjon og kommersialisering.
- sikre gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen
- vidareutvikle den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.
- sikre breibandstilbod og mobildekning for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen

Sektoren sitt fokus mot betre tenester skal m.a vere retta mot –

- kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.
- framtidretta infrastruktur med oppdaterte kommunale bygg
- utvikle desentraliserte tenestetilbod
- vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette i eit styrka fagmiljø
- rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon
- Vere på høgde med den digitale utviklinga



Den nye strukturen er knytt til fire fokusområde for å møte framtida:

<b>Strategisk utvikling</b>  Sektoren skal yte gode tenester og vere i stand til endring for å kunne møte nye utfordringar i framtida.	<b>Meistringsklima</b>  Skape ein kultur som stimulerer den indre motivasjonen. Tilsette får ansvar og kjenner seg myndiggjort på vegen mot felles mål.
<b>Handlekraftig</b>  Leiarrollene i sektoren er tydelege og avklarte, og dei gir rom for leiging og innovasjon.	<b>Samordning</b>  Tenestemottakarar skal oppleve at sektoren samla sett gir gode tenester på tvers av fagfelt og avdelingar.

### **Strategisk utvikling**

Sektoren forvaltar store verdier på vegne av fellesskapen, og det er leiarane i sektoren sitt ansvar å produsere gode tenester for innbyggjarane. Auka press på økonomien, kombinert med større kompleksitet, tilseier at leiarane i sektoren må ha strategisk kapasitet. Leiarane må kunne sjå langsiktig og kjenne ansvar for heilskapen i sektoren. Ein må ha kunnskap om tenestene og ha tid og rom til å gje retning og leie dei som skal yte tenestene. Det er viktig å skilje mellom drift og utvikling, og at dei ulike oppgåvene vert løyst på rett nivå i organisasjonen. Kjennskap til samfunnsutvikling og dei endringane som skjer innanfor fagfelta og kva moglegheiter ny teknologi gir står sentralt. Tenesteytinga er i endring, leiarane må kunne ta langsiktige perspektiv og samstundes vere med å bygge kultur for samhandling og tenke løysingar på tvers av ulike fag og deltenester.

Kommunalsjefen si leiargruppe skal kunne ivareta både drift og strategisk utvikling. Den må vere samansett slik at den dekker heile sektoren, og den må ha eit tal medlemer som gir kommunalsjef høve til å gje leiarstøtte til den enkelte. Den må samstundes vere tilstrekkeleg stor til å ha komplementær kompetanse.

### **Handlekraftig**

Sektor for samfunnsutvikling må vere tydeleg og oversiktleg. Gjennom tillit skal dei tilsette ha handlingsrom. Dette skal følgjast opp med tydeleg forventnings- og rolleavklaring gjennom delegeringsfullmakter. Det skal ligge føre stillingsomtalar for alle funksjonar i sektoren, Tydelege mål og oppfølging av resultat må følgje ein linjestruktur i sektoren.

Framtida vil bere preg av endring. Det inneber at sektoren kontinuerlig må vurderast for å møte desse endringane, noko som vil krevje både dynamikk og fleksibilitet. Ein må vere budd på å gå utanom tryggleikssona, og våge også der ein ikkje ser løysinga på førehand.



Den digitale utviklinga er døme på slik endring. Ny praksis vil i større grad enn før bli forma gjennom testing og feiling, og mange tilsette vil trenge støtte i utviklinga av sitt digitale kompetaneområde.

Det vil vere knytt forventning til uttak av gevinst i alt endringsarbeid, anten i form av betre tenester eller rasjonalisering.

Arbeidet vi gjer vil ha innverknad på korleis vi vert oppfatta av andre, med andre ord kva omdøme vi vil få.

### **Meistringsklima**

Sektor for samfunnsutvikling bør byggast opp slik at mynde kan delegerast utover i sektoren, gjennom tydelege delegeringsfullmakter og rolleavklaringar.

Den tilsette skal få bruke sine ressursar, slik at organisasjonen som heilskap frigjer energi. Utfordringar bør finne si løysing på lågast operative nivå nær tenestemottakaren.

Organisasjonen bør setjast saman slik at ein får gode kompetansemiljø for tenesteområde som naturleg bør vere i lag for å yte gode og samanhengande tenester. Vidare bør desse einingane ikkje vere større enn at leiaren kan følgje opp og gi støtte til dei tilsette.

Gjennom mynde og tillit skal tilsette ha stort handlingsrom. Det skal stimulerast og vere grobotn for innovasjon og nytenking med utspring frå behov/problemstillingar i ein kultur der det er lov å prøve ut og feile.

### **Samordning**


Sektor for samfunnsutvikling er kompleks med eit vidt spenn av oppgåver og mange ulike profesjonar. Dette skal samordnast innan ein sektor med ei politisk og administrativ styringsline basert på tillit og full offentlegheit. Det er behov for ein struktur som gjer det lett å få til god kommunikasjon og samordning på tvers i sektoren.

Det er behov for å finne gode gode og tenlege måtar å organisere tverrfaglege utviklings- og innovasjonsprosessar. Ein må vere budd på større og raskare endringar som føreset rom for endringsleing. Digitalisering av tenester og arbeidsoppgåver er kanskje det området som vil medføre dei største endringane.



### Prosjektfasar

Ny administrativ organisering bør vere på plass april 2019. Då bør ny struktur vere klar og leiarar i den nye organisasjonen bør vere rekruttert inn i god tid før sommaren 2019. Det vert gitt løpande informasjon til tilsette om framdrift.







**VOLDA KOMMUNE**  
**Samfunnsutvikling**

**Prosjektfasar**

Ny administrativ organisering må vere på plass i første tertial 2019 og det er rekruttert i evt nye funksjonar i god tid før sommaren 2019.

I prosessen skal det setjast ned ei ressursgruppe med slik samansetjing:

*Kommunalsjef samfunnsutvikling*

*Leiar for teknisk i Volda kommune*

*Leiar for Utvikling i Volda kommune*

*Leiar for teknisk i Hornindal kommune*

*HTV Hornindal – Anita Brenna Muldsvor*

*HTV Volda - Knut Øystein Ekroll (NITO) og Oddbjørg Yksnøy Rangseter (Fagforbundet)*

Dei hovudtillitsvalde peikar ut kven som skal representere dei tilsette.

Ressursgruppa skal ivareta dei tilsette sin rett til medverknad, og samstundes fungere som rådgjevande i kommunalsjefen sin prosess.

Første møte i ressursgruppa vert 28.01.2019

Volda, 21012018

Jarl Martin Møller, kommunalsjef



VOLDA KOMMUNE  
Samfunnsutvikling

# ORGANISERING AV SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Ressursgruppemøte

28012019



# Agenda

- Neste møte, avklare (veke 7 ?) Formell oppstart av prosjektet
- Gjennomgang av prosjektnotat
- Prosess vidare og plan for informasjonsflyt.
- Evt.



# Ressursgruppe

- *Kommunalsjef samfunnsutvikling*
- *Leiar for teknisk i Volda kommune (sjukmeld, kommunalsjef ivaretek funksjon)*
- *Leiar for Utvikling i Volda kommune*
- *Leiar for teknisk i Hornindal kommune*
- *HTV Hornindal – Anita Brenna Muldsvor*
- *HTV Volda - Knut Øystein Ekroll (NITO) og Oddbjørg Yksnøy Rangseter (Fagforbundet)*



# Mål for prosessen

Føremålet er **gode og likeverdige** tenester til innbyggjarane, ei **heilskapleg** og samordna samfunnsutvikling og ei ny kommune som er **bærekraftige** og økonomisk robust.

Arbeidet skal vere prega av **openheit, tillit, rausheit og likeverd**. Ein skal tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er **ulike, men likevel likeverdige**. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. **Struktur, organisasjonskultur og system** skal vektleggjast, og utvikling av **nærdemokrati** skal gjevast høg prioritet.



# Mål for organisering

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.




# Fokusområde

<b>Strategisk utvikling</b>  Sektoren skal yte gode tenester og vere i stand til endring for å kunne møte nye utfordringar i framtida.	<b><u>Meistringsklima</u></b>  Skape ein kultur som stimulerer den indre motivasjonen. Tilsette får ansvar og kjenner seg myndiggjort på vegen mot felles mål.
<b>Handlekraftig</b>  Leiarrollene i sektoren er tydelege og avklarte, og dei gir rom for leiing og innovasjon.	<b>Samordning</b>  Tenestemottakarar skal oppleve at sektoren samla sett gir gode tenester på tvers av fagfelt og avdelingar.



# Prosjektfaser







## Arbeid til no...

- Det er gjennomført samtalar (standardisert) med dei fleste kontoransatte (nokre få gjenstår)
- For personell som har arbeidstad utanfor rådhus(a) ønskjer eg verte invitert inn i eksisterande møtepunkt snarast råd
- Høyringsutkast er under utarbeiding



# Fokus framover (til neste møte)

- Informasjonsflyt om prosess på plass
- Oppsummere tilbakemeldingar frå samtale med ansatte
- Lage høyringsutkast på organisering, grunnlag for diskusjon i ressursgruppe
- Arbeide vidare med avtalar knytt til overgang til Nye Volda (IT, særavtalar +++)